



Årsmelding – ungdomsrådet 2023

Hovudmedlem Mars 2022 - 2024	Rolle	Varamedlem
Elisabet Brakestad	Leiar	Oliver Enes
Tord Sverresson Hatteberg	Nestleiar	Solfrid Bleie Ulvestadbakken
Mari Svendsen Fagerlid	Hovudmedlem	Teo Lygre
Nikolai Sjøvangen Seljestad	Hovudmedlem	Roar Vincent Aalvik
Abdisalem Zekeriye Mohamed	Hovudmedlem	Linnea Eliassen
Peter Nesheim	Hovudmedlem	Maria Østvik Emmerhoff
Ida Schille Jacobsen	Hovudmedlem	Adina Bø Røssland

Fleire av medlemmene har søkt fritak frå vervet sitt grunna utdanning som ikkje går føre seg i Kvinnherad kommune. Ungdomsrådet har ikkje imøtegått desse søknadane. Det skal gjennomførast nytt val i 2024, og då blir det høve til å få nye medlem inn.

Nokre av medlemmene har deltatt på møte via Teams, eller hatt høve til å møta fysisk sjølv om dei går på skule i andre kommunar. Vara-medlemmene har fått innkalling til alle møte hausten 2023 for å sikra god deltaking på møta.

Leiar og nestleiar er under utdanning eller praksis i Kvinnherad kommune, og har deltatt på alle møte. Dette sikrar god kontinuitet.

Koordinator og møtesekretær:

- Åse Eide, rådgjevar oppvekst/koordinator og møtesekretær for ungdomsrådet.
- Kari Synnøve Tveit, politisk sekretær

Møteverksemd

Ungdomsrådet har hatt 6 kalenderfesta møte i 2023. Det var nyttig med auke frå 4 møte i 2022 til seks møte i 2023 då ungdomsrådet får ein del saker. Kwart møte er på 2 til 3 timar. Det har vore naudsynt med nokre møte på 3 timar grunna innhald på saklista. Møtestad har hausten 2023 vore på Husnes for å leggja til rette for elevane som går på KVV.

Det er viktig å unngå møte etter 17. mai – juni, og i desember grunna eksamenar/tentamenar.

Dato og stad	Orienteringar, refererte skriv og informasjon
18. januar 2023 Husnes kulturhus, møterom 1 og 2	<ul style="list-style-type: none"> • Bestillingsbuss v/Peder S Slettebø • Klimabudsjett v/Peder S Slettebø • Kvinnherad Arena v/ Daidalos Dahle • Barnekoordinator v/Sturla Helland
20. mars 2023	<ul style="list-style-type: none"> • Frivilligplan v/Veronica T Thorsen • Presentasjon av nytt prosjekt i sektor Omsorg, helse og sosial v/ Cecilie T Fredheim • Detaljregulering Nordrepollen/Austrepollen v/Anne Lise Næs • Fritidskort – saksframlegg v/Vigdis Gammelsæther • Innspel til klimabudsjett v /Peder S Slettebø
12. mai 2023	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstandsrapport for barnehagar v/Åse Eide • Referat frå Fylkestinget for ungdom v/nestleiar av ungdomsrådet • Kommuneplan for Kvinnherad
30. august 2023	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstandsrapport for skular v/ Eva Refvik • Politiet sitt arbeid og samarbeid med ungdomsrådet v/Are Uppheim • Rask psykisk helsehjelp v/Linn Stene Hellås • Nettverkssamling Flesland • Referat/oppsummering etter ungdomskonferansen i Mosjøen
18. oktober 2023	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid med Mosjøen-modellen for ungdomsråd • Psykisk helse
22. november 2023 Husnes Kulturhus	<ul style="list-style-type: none"> • Høyringsuttale – strømming av fotballkampar Husnes stadion • Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og prioritering av spelemidlar v/Kristian Helgesen • Planprogram på høyring – detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen • Skyss – prosjektplan for «bestillingstransport» v/Peder S Slettebø og Skyss • Informasjon om tenestene til eininga Barn og familie v/einingsleiar Randi Pedersen

Konferansar og nettverksamlingar

- Fylkesting for ungdom 14. – 16. april 2023. Nestleiar deltok, og Tord vart valt inn som varamedlem i Fylkestinget for ungdom.
- Ungdomskonferansen i Mosjøen 27. – 29. august 2023, arrangert av Bufdir og Vefsn kommune, Mosjøen ungdomsråd. Leiar og nestleiar deltok, saman med koordinator.
- Nettverkssamling for ungdomsråd i Vestland fylke 21. – 22. oktober 2023.

Økonomi

I følge det politiske reglementet har ungdomsrådet kr 50.000,- til disposisjon per år.

I år hadde ungdomsrådet disse utlegga:

Utlegg	Sum	Kommentar
Reiseutgifter til konferansar og andre samlingar. (Inkludert hotell på ungdomskonferansen i Mosjøen)	28 357,-	
Rest: 21 643,-		

Ungdomsrådet har delegert mynde til å dela ut midlar frå denne budsjettposten. Dette er ikkje gjort av overskotet frå 2023.

Val av nytt ungdomsråd og vidare arbeid

Dette ungdomsrådet vart valde inn etter val mars 2022, og medlemmene er valde inn for 2 år. Etter planen skal då nytt ungdomsråd bli valde våren 2024. Dette utset me til nytt skuleår august 2024 for å sikra brei deltaking og kontinuitet.

Det sitjande ungdomsrådet vil prioritere dette framover:

- Framsnakka og gjera ordninga med bestillingsbuss kjent for dei ulike elevråda på skulane i kommunen slik at ordninga kan bli vidareført til andre deler av kommune vår etter prøveordninga. Invitere seg inn i ulike elevråd ved KVV, Husnes U.skule, Valen, Sunde og Skarveland skule
- Arbeide med å laga til ein «Kvinnheradmodell» for ungdomsråd, liknande Mosjøen sin modell
- Arbeide med psykisk helse og gjera kjent dei ulike støttetjenestene som kommunen har, slik at ungdom veit kor og kven dei skal ta kontakt når dei har ulike vanskar.